



Innkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 08.11.2018
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 14:00

Orienteringar:

- Klokka 0900 vert det orientering frå Bergen og Hordaland Turlag ang nasjonal ramme for vindkraft og friluftslivsinteresser i Stølsheimen
- Orientering om status i skulesektoren

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
040/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
041/2018	Godkjenning av møtebok
042/2018	Referatsaker
043/2018	Orienteringssaker
044/2018	2. tertialrapport 2018
045/2018	Etablering av felles frisklivs-, lærings- og meistringstilbud i Region Nordhordland.
046/2018	Regulering av feste- og fornyingsavgiftene for grav
047/2018	Søknad om tilskot frå næringsfondet - prosjekt næringsutvikling 2028 - 2038, fase 1.

12. februar 2019

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/275

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
040/2018	Kommunestyret	PS	08.11.2018

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke		18/275

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
041/2018	Kommunestyret	PS	08.11.2018

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 20.09.2018

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/275

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
042/2018	Kommunestyret	PS	08.11.2018

Referatsaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
042/2018.1	Førespurnad om vidare samarbeid innan kommunal landbruksforvaltning ved etableringa av Alver kommune
042/2018.2	Protokoll Regionråd 5-2018, fredag 14. september

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Førespurnad om vidare samarbeid innan kommunal landbruksforvaltning
Protokoll Regionrådet 5-2018, 14. september

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/275

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
043/2018	Kommunestyret	PS	08.11.2018

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE - 210	18/186

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/2018	Formannskapet	PS	23.10.2018
044/2018	Kommunestyret	PS	08.11.2018

2. tertialrapport 2018

Forslag til vedtak:

2. tertialrapportering for 2018 vert teken til orientering.

Det vert gjort slike justeringar i investeringsbudsjettet:

Omdisponering av løyving kr 700 000 frå P.nr 03097 Omlegging av VA-leidning Otterstad til nye VA-tiltak på Helland og Kleivane

Utgiftsløyving til P.nr 03103 Ladestasjon kr 400 000 finansiert med kr 240 000 frå næringsfondet og kr 160 000 frå Enova-tilskot.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Tertialrapport nr 2 er den andre rapporten frå rådmannen til kommunestyret om økonomistoda i 2018. Minimum 2 gonger i året skal det fremjast eigne saker til kommunestyret om kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

Vurdering

Drift:

I budsjett- og økonomiplanprosessen var det eit ekstra fokus på utfordringar, særleg knytt til utviklinga knytt til lågare eignedomsskatteinntekt frå kraftproduksjon. Det er ein svært viktig inntektspost for kommunen. Nedgangen fører til at økonomien strammar seg til og handlingsrommet

vert mindre. I 2017 fekk kommunen eit godt driftsresultat til tross for redusert kraftinntekt. I 2018 er eigedomsskatteinntekta ytterlegare redusert, med ein nedgang på heile kr 3,3 millionar i høve til 2017. I høve til 2013 er samla nedgang på kr 7,3 millionar i årleg inntekt frå eigedomsskatt.

Inntektsnedgangen fører til lågare rammeløyvingar til einingane, og såleis ei strammare drift. Det vert enno viktigare enn tidlegare å følgje med, og styre utgiftene grundig gjennom året. Grunna omlegging av økonomisystemet med overgang til ny database, har det vorte mykje meirarbeid, samt at ein ikkje har fått på plass budsjett-tal i den nye basen før i april. Dette har vore uheldig, på eit tidspunkt der det er behov for ekstra god økonomioppfølging heilt frå starten av året. Budsjettdisiplinen har vore god, og det ser ut til at ein klarar å halde utgiftsveksten på eit moderat nivå. Det er likevel ein mykje strammare situasjon enn tidlegare, nokon einingar har høgt forbruk, og det vil vere svært viktig å følgje nøye med utviklinga vidare framover og vurdere tiltak dersom ein får avvik i høve til budsjettet.

Oversyn grupperte utgifter pr 31.08.18:

	Reknesk	Justert budsj	Forbruk	Reknesk	Reknesk	Forbruk
Driftsutgifter	2. tertial 2018	heilår 2018	i %	2. tertial 2017	heilår 2017	i %
Lønnsutgifter	25 828 135	41 673 293	62,0 %	28 503 765	44 765 295	63,7 %
Sosiale utgifter	7 756 784	10 659 268	72,8 %	8 283 985	11 135 478	74,4 %
Varer og tenester i tenesteprod	12 017 302	16 434 257	73,1 %	11 978 032	19 801 116	60,5 %
Tenestekjøp som erstatter eigen prod	5 502 083	9 541 300	57,7 %	2 562 922	6 000 857	42,7 %
Overføringer	5 005 534	7 623 626	65,7 %	4 186 127	6 747 823	62,0 %
Avskrivninger	-	6 625 600	0,0 %	-	7 180 109	0,0 %
Fordelte utgifter	-	- 641 281	0,0 %	- 11 000	- 15 000	73,3 %
Sum driftsutgifter	56 109 838	91 916 063	61,0 %	55 503 831	95 615 678	58,0 %

Oversyn grupperte utgifter pr 30.4.18: (Frå tertialrapport nr 1 – 2018)

	Reknesk	Justert budsj	Forbruk	Reknesk	Reknesk	Forbruk
Driftsutgifter	1.tertial 2018	Heilår 2018	i %	1. tertial 2017	Heilår 2017	i %
Lønsutgifter	14 904 274	41 673 293	35,8 %	15 842 325	44 765 295	35,4 %
Sosiale utgifter	3 875 068	10 659 268	36,4 %	4 241 384	11 135 478	38,1 %
Varer og ten. i ten. prod	6 524 422	19 060 257	34,2 %	6 210 445	19 801 116	31,4 %
Tenestekjøp som erstatter eigen ten.prod	2 956 756	6 915 300	42,8 %	1 057 422	6 000 857	17,6 %

Overføringer	2 835 734	7 623 626	37,2 %	2 266 752	6 747 823	33,6 %
Avskrivinger	0	6 625 600	0,0 %	0	7 180 109	0,0 %
Fordelte utgifter	0	-641 281	0,0 %	-2 000	-15 000	13,3 %
Sum driftsutgifter	31 096 254	91 916 063	33,8 %	29 616 328	95 615 678	31,0 %

Kommentar pr 31.08.18:

Lønsutgiftene syner eit prosentforbruk som er lågare enn 2017-rekneskapen pr 2. tertial målt mot heilårsrekneskapen. Lønsutgiftene er den største utgiftsposten til kommunen, og såleis viktig å halde god kontroll på. Det er såleis positivt at forbruket i prosent er lågare enn tilsvarande i 2017, og er eit teikn på god kontroll på lønsutgiftene når ein vurderer kommunerekneskapen samla pr 31.8.

Varer og tenester i tenesteproduksjon omfattar alle dei varene og teneste som vert innkjøpt og brukk i den løpande tenesteproduksjonen som kommunen leverer. Denne posten syner eit mykje høgare forbruk i 2018 enn 2017, 73,1 % i 2018 mot 60,5 % i 2017, og må følgjast med vidare for å unngå meirforbruk ved årsslutt. Samla budsjett er kr 3,4 millionar lågare i 2018 enn årsrekneskapen for 2017, og illustrerer reduserte budsjettpostar. Det vert svært viktig å følgje og styre desse postane resten av året.

Tenestekjøp som erstatter tenesteproduksjon omfattar ulike område der kommunen kjøper tenester frå andre kommunar, samt private, i staden for å nytte egne tilsette. Her er forbruket pr 31.8 og mykje høgare enn tilsvarande tidspunkt i 2017, 57,7 % i 2018 mot 42,7 %. Sjølv om forbruket er høgare enn 2017 er ikkje 57,7 % veldig høgt på dette tidspunktet og desse utgiftene bør kunne vere under kontroll.

Overføringer omfattar tilskot til andre, samt mva-utgift. Denne har òg høgt forbruk i høve til 2017, 65,7 % mot 62 %. Mva-utgift er ein vesentleg post her, og er høg som følgje av høgt forbruk på vare- og tenestekjøp som nemnt over. I tillegg ligg òg tilskot frå næringsfondet på denne utgiftsgruppa. Det er utgifter som finansierast frå Næringsfondet, og er såleis ikkje knytt til den ordinære drifta.

Samla er forbruket på driftsutgiftene 2,8 % høgare enn tilsvarande periode i 2017. Det gjev i utgangspunktet grunn til å følgje utgiftene nøye vidare i året. Lønsutgiftene bidrar i liten grad i auken, og såleis bør det vere høve til å kunne korrigere/styre forbruket seinare i året.

Kort kommentar/vurdering knytt til budsjettområda med løyving frå kommunestyret:

Kommentarane er i hovudsak knytt til utgiftssida av rekneskapen.

Rådmannen/sentraladministrasjon

Innan budsjettområdet Rådmannen/sentraladministrasjon vert det ført ein del felleskostnader i tillegg til utgifter knytt til rådmannsfunksjonen og sentraladministrasjon. T.d. vert forsikringsutgifter for heile kommunen ført her.

Forbruk pr 31.08.18: 75 % (utanom næringsfondsområdet).

Det er ført ein del utgifter som gjeld lengre periode enn dei 8 fyrste månadane. M.a. er tilskotet til Mo sokn betalt og utgiftsført for heile 2018. På økonomikontoret har ein hatt auka ressurs gjennom året som følgje av situasjon som oppsto knytt til naturleg avgang, rekruttering av økonomisjef og ekstra behov knytt til omlegging av økonomisystemet. Økonomisjef er no på plass i full stilling, og økonomimedarbeidar har engasjement ut året. Det er noko høgt forbruk på postane avgift, gebyr, kontingentar og lisensar, m.a. knytt til bedriftshelsetenesta, der ein har hatt ekstra tiltak knytt til å kunne redusere sjukefråværet i kommunen. Det har òg vore ekstra utgifter til konsulent/advokat, i hovudsak knytt til advokat i samband med tvistesak, samt konsulenthjelp frå Visma innanfor økonomi og HRM i samband med omlegging av økonomisystemet.

Forbruket pr 31.08 er høgt, men me tek likevel sikte på å avgrense utgiftene resten av året med målsetjing om å kunne styre i balanse.

Kultur

Forbruk pr 31.08.18: 70 %

Kultursjefstillinga vart satt vakant ved inngongen til 2018. Kultursjef vart tilsett pr. 01.08.18. Kultursjefen har sagt opp, men ein må rekne lønsutgifter ut året.

Vedlikehald/reparasjonar har blitt tatt fortløpande - desse er vanskeleg å budsjettere. Ein må rekne at slike kostnader vil auke framover, jfr. bygget sin alder. Det er òg ein del andre kostnader med høgt forbruk så langt i år, og ein har ein stor utgift på over kr 90 000,- knytt til ventilasjonsanlegget.

Modalsdagane er eit kostnadskrevjande område som no er unnagjort, og dermed er utgiftssida til det tiltaket under kontroll.

Forbruket pr 31.08 er høgt Men ein legg til grunn å kunne styre mot balanse med restriktiv pengebruk ut året samla for kultur.

Sosial og barnevern

Dette området omfattar NAV-sosial, edruskap og barnevern. Barnevernsarbeidet er ivaretatt gjennom avtale med Vaksdal kommune.

Forbruk pr 31.08.18: 84 %.

Auka kostnad til skjenkekontrollen slår ut.

Det er overforbruk på livsopphald/naudhjelp. Denne posten er krevjande å redusere - men vert halde under oppsikt.

Forbruket er høgt. Dette er eit område kor det kan vere vanskeleg å planlegge og styre utgiftene i full grad, og det vert vurdert at me vil få eit meirforbruk på om lag kr 300 000 i høve til årsbudsjettet ved årsslutt. Det vert arbeidd for å få avviket så lågt som mogleg.

Skule

Dette området omfattar grunnskule, skulefritidsordning, vaksenopplæring, pedagogisk –psykologisk teneste (kjøpt frå Vaksdal) og kulturskulen.

Forbruk pr 31.08.18: 64 %

Forbruket tyder på god kontroll på økonomien.

Fastløn som er den største utgiftsposten er heilt i samsvar med budsjett. Løpande utgiftspostar ser elles ut til å vere i tråd med budsjett. Noko etterslep på inntekter førebels.

Med ein vidareføring av dette driftsnivået, og ingen uventa, negative hendingar med utgiftsverknader, legg ein til grunn å kunne styre i balanse.

Barnehage

Barnehagen har dei seinare åra hatt relativt stort mindreforbruk kvart år. Budsjettet for 2018 er mykje strammare, men den samla økonomien ser god ut for 2018 òg.

Forbruk pr 31.08.18: 57 %.

Fastløn er i balanse. Det er venta noko høgare lønskostnadar mot slutten av året, dette kjem av søknader om spesialpedagogisk hjelp, barn med nedsatt funksjon og utgifter til Logoped.

Utgifter til vikar i høve sjukdom er noko høgt, men ikkje dramatisk. Ved sjukdomsfråvær vert bemanninga styrt etter barnetalet til kvar ei tid. Det er låg inntekt frå sjukelønsrefusjon då det er færre langtidssjukemeldte.

Me har fått noko høgare refusjon frå andre kommunar. Det er fleire barn frå andre kommunar enn lagt til grunn i budsjettet og me får såleis meirinntekt som følgje av det.

Forbruket er relativt lågt. Utgiftssida er i tråd med budsjettet, medan medan me har høgare inntekt enn budsjettet så langt i året. Det er såleis auka inntekt som gjev positive tal for barnehagen. Inntekta for heile året er ikkje avklart enno, så endeleg resultat er noko usikkert, men ein vil truleg kunne styre mot ein mindreforbruk.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorgsområdet har vore utfordrande dei seinare åra, etter at Vaksdal kommune gjekk ut av samarbeidet om plassane ved Modalstunet. Det har vore vanskeleg å kompensere inntektsbortfallet med tilsvarende utgiftsnedgang, og utfordrande å tilpasse drifta.

Forbruk pr 31.08.18: 70 %.

Me arbeider mot å ha ei forsvarleg drift, men har til ei kvar tid fokus på reduksjon av personale i høve fråvær og helg/høgtidsbemanning utover resten av året. Ved å ha heimevakter innbakt i turnus, har me teke høgde for redusert bruk av overtid.

Me nyttar ein sjukepleievikar frå byrå me har rammeavtale med i 100 % ledig sjukepleiarstilling fram til august 2019, då stillinga har vore lyst ut utan at me har fått søkjarar. Våren 2019 vil ein av dei tilsette vere ferdig med sjukepleieutdanninga og tiltre i stillinga. Ut frå behov for sjukepleiarvikar for ferieavviklinga er det leigt inn vikar ut august 2019. Kostnad for vikar fylgjer KS sitt regulativ for avlønning og kommunen sine særavtalar som er inngått.

Ved å ha avtale med byrå om ein fast sjukepleiar hjå oss som er her i 6 veker og har 2 veker fri, får me stabilitet i personalgruppa og for brukarane våre.

Frå august har det vore ein auke i behov for korttidsplassar/ avlastning/nattopphald, som gjer ein auke i tal brukarar på Modalstunet i tillegg til 5 brukarar som har langtidsopphald. I gjennomsnitt frå september har belegget vore mellom 6-8 brukarar.

Heimetenesta har vore stabil med 6 brukarar i løpet av året.

Tilbodet til eldre heimebuande, Onsdagsklubben, er eit førebyggjande tilbod som starta opp i 2013, og me har tilbod kvar onsdag til denne gruppa på Modalstunet. Her har det vore ein gradvis auke i tal interesserte og pr. i dag er det 12 eldre som nyttar tilbodet. Det er no meldt seg ein interessert eldre til frå veke 42. Ved oppstart i 2013 var det 6 eldre.

Med dette tilbodet er ein med å bidreg til at den einskilde eldre i kommunen kan bu lenger i eigen heim, i kjente omgjevnader og utsetje behovet for institusjonsplass. Det er 2 tilsette som har ansvar for tilbodet saman med Pleie- og omsorgsleiar.

Sjukefråvær t.o.m. 30.09.2018 ligg på 7,4 %, langtidsfråvær er største andel og vert fulgt opp gjennom IA avtalen. Det er betydeleg redusert fråvær samanlikna med førre år.

Med forbruket slik det er så langt, vil Pleie- og omsorg kunne få eit meirforbruk på om lag kr 700 000.

Framover tek me høgde for redusert inntak av personale på dagvakter ved fråvær med einskilddagar. Ved lengre fråvær må ein gjere vurdering i høve innleige av vikar, då auka arbeidsmengde over tid kan føre til sjukemelding av tilsette. Det er utarbeidd arbeidsoppgåver i høve 2 nattevakter, som gjer at ein på dagvakt kan unngå innleige på korte fråvær.

Me har fokus på redusert innkjøp og nyttar rammeavtalar på forbruksvarer/innkjøp.

Kommunelege

Dette området omfattar legetenesta, helsesøstertenesta, fysioterapi og psykisk helseteneste. Kommunelegen har òg ansvar for smittevern, miljøretta helsevern, og er medisinsk fagleg rådgjevar i kommunen.

Forbruk utgift pr 31.08.18: 62 %.

Det er ingen kjente avvik førebels. Forbruket til no er i tråd med budsjett, og inntektene kjem alltid litt i etterkant. Avdelinga er i gong med ei endring i journalsystemet for fysioterapitenesta. Dette vil kunne gje ein eingongskostnad på kr 40 000.

Me tek sikte på å styre mot balanse ved årsslutt.

Teknisk etat

Innan dei tekniske tenestene har det i starten av året vore relativt høge utgifter knytt til brøyting samt oppgradering og nedvask av kommunale bustader. Det har òg vore aukande sjukefråvær som har medført auka vikarbruk.

Forbruk utgift pr 31.08.18: 71,0 %

Forbruket er vurdert å vere noko høgt. Dette skuldast m.a. auka brøyteutgifter i 2018 etter ein hard vinter med mykje snø, oppgradering av kommunale bustader, innleigd hjelp til nedvask av kommunale bustadar etter oppgradering, etablering av nye driftsavtalar som er nødvendig og fornying av eksisterande driftsavtalar.

Inntekt frå kommunale eigedomsgebyr er ikkje kommet pr 31.8, grunna omlegging av økonomisystemet. Dette vil komme på plass i løpet av hausten. Faktura for fyrste halvår er sendt i september.

Husleigeinntektene er noko redusert, då me har ledige bustader. Pågangen for å leige bustad er ikkje så stor for tida.

Me tek sikte på å prøve å styre mot balanse ved årsslutt.

Investering

Statusoversyn investeringsbudsjettet for 2018:

		Regnskap	Buds(end)	
		2018	2018	Status/kommentar
K03002	Tilrettelegging bustadareal, tomtekjøp, opparbeiding	-	430 000	På vent
K03004	Asfaltering	407 438	400 000	Ferdig
K03068	Forprosjekt kommunehus/servicebygg	130 590	-	Pågår
K03088	Takheisar bebuarrom Modalstunet	160 900	250 000	Ferdig
K03093	Oppgradering fellesareal Modalstunet	-	1 700 000	Ekstraløyving er gjeve
K03097	Omlegging av VA-leidning Otterstad	-	700 000	På vent. Tilråd omdisponering
K03098	Nytt ventilasjonsanlegg bustad på Kleivane 2018	132 720	150 000	Ferdig
K03099	Kjøkken - Modalen barnehage	246 404	300 000	Ferdig
K03100	Oppgradering brannstasjon	-	400 000	Pågår
K03101	Digitalisering eigedomsarkiv teknisk etat	28 055	280 000	Pågår
K03102	Oppgradering flytebryggja. Mobryggja	-	250 000	Pågår. Ferdig oktober.
K03103	Ladestasjon			Pågår
	TOTALT	1 106 107	4 660 000	

Det er behov for nokre justeringar knytt til investeringsbudsjettet for 2018.

VA – Vatn og avlaup:

Det er satt av kr 700 000 til flytting av VA leidning på Otterstad. Desse midlane vert ikkje bruk i 2018, då saka er uavklart og står førebels på vent.

Teknisk etat har ei investeringsutgift på Helland bustadfelt som har vore utført med ein kostnad på over kr 300 000. Det er knytt til tilrettelegging av VA i samband med bygging av ny bustad på Helland.

Kommunen har og eit VA-prosjekt på Kleivane som vi ikkje visste om, og som må gjerast no i haust.

Det er ynskjeleg å omdisponere unyttta midlar frå Prosjekt 03097 på kr 700 000 til dei nye VA-tiltaka i kommunen.

Ladestasjon:

Når det gjeld ladestasjon for EL-bilar, er det behov for noko teknisk justering i høve til gjeldande investeringsbudsjett, jfr KS-sak 012/2018.

Utgiftsløyving kr 400 000. Leggast inn i investeringsoversynet

Finansiering:

Bruk av næringsfond kr 240 000

Tilskot frå Enova kr 160 000

Finans

<u>Likviditet:</u>				
	Rente:			
Bankinnskot:		Balanssekto:	Saldo 31.08.18	
Gjerstad sparebank	1,10 %	21020012	1 973 359	
Stadsbygd sparebank	0,90 %	21020013	1 837 345	
Soknedal sparebank	1,30 %	21020014	2 252 057	
Modum sparebank	1,30 %	21020015	1 988 862	
Arendal og omegns sparekasse	1,20 %	21020016	2 445 501	
Kragerø sparebank	1,40 %	21020017	1 995 209	
DnB	0,10 %	21020011	761 587	
Sp 1 SMN	0,70 %	21020009	1 833 363	
Sp Vest (fleire konti)	1,00 %	21020001-0009	9 224 384	
Kasse		21000001	52 653	
Skattetrekkkonto		21090801	1 993 373	
Legatkonto		21020006	247 763	
Sum kasse, bankinnskot			26 605 456	
Pengemarknadsfond:	Avkastning:			
Pluss pengemarked	1,4% p.a.		13 226 014	
		Totalt	39 831 470	

Kommentar:

Driftskontoen til kommunen er i Sparebanken Vest. Reglementet avgrensar kor mykje ein kan ha inneståande i

ein bank til kr 15 millionar.

Likviditeten er svært god.

Rentevilkåra er for tida svært låge, grunna lågt generelt rentenivå.

Ein ventar framleis lågt, men stigande rentenivå framover.

Finansreglementet set ei grense for kr 15 millionar i høve til investering i pengemarknadsfond.

Gjeld:		
		31.08.2018
Kommunalbanken		16 291 550
Flytande lånerente siste endring		1,7 %
Kommunalbanken		632 075
Flytande lånerente siste endring		1,7 %
Husbanken - formidlingslån		3 256 280
Lånerente siste endring		1,49 %
Husbanken - oppføringslån		0
Lånerente siste endring		
3 M Nibor :		1,03 %

Kommentar:

Det er teke opp nye formidlingslån i 2018.

Gjelda til Modalen kommune er ikkje høg i høve til kommunen sin evne til å betale renter og avdrag
Ein ventar lågt rentenivå framover.

Modalen kommune sine lån er til flytande rente. Ein renteauke på 1 % vil gje ei auka årleg utgift på kr
169 236.

Modalen kommune betalar avdrag godt over minimumskrava som Kommunelova set.

Det er ingen avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

Langsiktige finansielle aktiva:

Kommunen har ingen midlar pr dato som er definert som langsiktige finansielle aktiva.

Fråvær

	Moglege dagsverk	Fråvær	Prosent	Prosent	Prosent
			30.09.2018	30.04.2018	31.08.2017
RÅDMANNEN inkl Sosial, Kultur og Næring	2 288	120,7	5,3 %	7,4 %	
REKTOR MO SKULE	3 028	179,4	5,9 %	9,1 %	
BARNEHAGESTYRAR	1 608	78,4	4,9 %	8,4 %	
PLEIE- OG OMSORGSLEIAR	2 796	207,8	7,4 %	11,4 %	
KOMMUNELEGE	792	16	2,0 %	1,0 %	
KOMMUNALSJEF TEKNISK inkl Reinhold	2 052	150,3	7,3 %	5,9 %	
Sum utvalg	12 563	753	6,0 %	8,2 %	*] 12,9 %

*) Hadde kun totaltal med i rapporteringa pr 2. tertial 2017

Det vert arbeidd systematisk for å få ned sjukefråværet. Eit tiltak er å oppmoda om bruk av eigenmelding heller enn sjukemeldingar, jfr at Modalen kommune er IA-bedrift. Dette har vore gj.ført i alle avdelingar. Bedriftshelsetenesta har vorte nytta i arbeidet på fleire avdelingar med tanke på reduksjon av sjukefråværet.

Ein ser godt resultat av arbeidet, og er nøgd med resultatet så langt.

Konklusjon

Rådmannen er nøgd med status pr 2. tertial, men ser at det er utfordringar som må handterast. Budsjettløyvingane er strammare enn tidlegare, og det vert viktig å følgje utviklinga nøye, tilstrebe ein forsiktig pengebruk så langt som råd, for å halde det samla forbruket innanfor løyvingane som er gjeve. Størst økonomisk utfordring knyt seg til Pleie og omsorg. Arbeid med tilpassing av drifta må halde fram. Det vert ikkje tilrådd justeringar av driftsbudsjettet. I investeringsbudsjettet vert det tilrådd omdisponering av midlar avsett til flytting av VA-leidning på Otterstad, samt ein justering knytt til Ladestasjon, jfr KS-sak 012/2018.

Formannskapet - 035/2018

FOR - behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om tertialrapporten og svara på spørsmål Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

2. tertialrapportering for 2018 vert teken til orientering.

Det vert gjort slike justeringar i investeringsbudsjettet:

Omdisponering av løyving kr 700 000 frå P.nr 03097 Omlegging av VA-leidning Otterstad til nye VA-tiltak på Helland og Kleivane

Utgiftsløyving til P.nr 03103 Ladestasjon kr 400 000 finansiert med kr 240 000 frå næringsfondet og kr 160 000 frå Enova-tilskot.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø		18/277

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/2018	Kommunestyret	PS	08.11.2018

Etablering av felles frisklivs-, lærings- og meistringstilbud i Region Nordhordland.

Forslag til vedtak:

- Modalen kommune sluttar seg til kommunalsjefgruppa til tilråding om at det vert etablert eit fast tilbod om Frisklivs-, læring- og meistringstenester til innbyggjarane i kommunane i Region Nordhordland frå 1. januar 2019.
- Modalen kommune sluttar seg til at tilbodet om Frisklivs-, læring- og meistringstenester vert organisert i eit samarbeid mellom dei ni kommunane i Region Nordhordland etter modell slik det er skissert i saksgrunnlaget.
- Modalen kommune sluttar seg til at Radøy kommune(etter 2020 Alver kommune) ivaretar rolla som ansvarleg kommune for tilbodet.
- Modalen kommune sluttar seg til dei økonomiske rammene som er sett for tilbodet og modell for fordeling av årlege kostnader etter fordelingsnøkkel slik det er vist i saksgrunnlaget.
- Modalen kommune sluttar seg til at det vert utarbeid samarbeidsavtale som m.a. regulerer ansvar- og oppgåvedeling, fordeling av kostnader og varighet/utmelding av samarbeidet.

Saksopplysningar:

Lov, forskrift og avtaleverk

- Plikta til å ha tilbod; [Helse- og omsorgstenesteloven](#) §§ 1-1, 3-2 og 3-1

Rapport - Frisklivs -, lærings- og meistringstilbud i Region Nordhordland

- frå prosjekt til fast tilbod- (Vedlegg 1).

- Modell for fast tilbod
 - Sikre fleksibilitet i tilbodet
 - Kvar kommune skal ha fast kontakt, som også kan vere kursleiar
 - Kvar kommune kan ha nytte av denne kompetansen i sine tilbod
 - Ein kan gjere geografisk tilpassing av kurstilbud
- Tilbodet er ei helseteneste som krev dokumentasjon i elektronisk pasientjournal. Bruk av kommunane sine journalsystem må vurderast.
 - Lovverk; [Lov om behandling av helseopplysningar ved ytelse av helsehjelp](#) (pasientjournalloven)
 - Bruk av data – rapportering og statistikk for tilpassing av tilbodet.

Plan for etablering og drift

- 2 kurs pr. år over 3 månader med oppfølgingsdagar etter 6 månader og eitt år.
- Geografisk fordeling kan vurderast etter heimkommune til deltakarane. Nordhordlandshallen og området rundt er godt eigna. Ein treng god offentleg kommunikasjon, kjøkken og treningstilhøve.
- Målgruppe: Vaksne over 18 år som har eller står i fare for å utvikle sjukdom som diabetes type 2, hjarte-, lunge- og karsjukdom, sjukdom i muskel og skjelettsystemet og overvekt. Eit gruppebasert tilbod med fokus på førebygging og helsefremjing, og korleis leve med langvarig sjukdom eller ulike helseutfordringar.
- Kursa skal gjennomførast vår og haust over 3 månader.
- Kursleiargruppa må vera tverrfagleg, og ha helsepedagogisk kompetanse.
- Deltaking i Lærings- og Meistringnettverket mellom kommunane og helseforetaket vil halde fram.
- Samarbeid med spesialisthelsetenesta er skissert i Særavtale til Tenesteavtale 2, 6 og 10. Samarbeid om opplæring av pasientar, brukarar og pårørande i eit lærings- og meistringnettverk.

Organisering og drift av fast tilbod:

Det vert tilrådd at drifta av tilbodet om Frisklivs-, læring- og meistringstenester vert organisert i eit samarbeid mellom dei ni kommunane i Region Nordhordland etter modell slik det er skissert i vedlagt rapport, og at Radøy kommune(etter 2020 Alver kommune) ivaretek rolla som ansvarleg kommune for tilbodet med arbeidsgjevaransvar for prosjektleiarfunksjon, inngå avtale med kursleiarar og naudsynt ekstern kompetanse.

Det bør utarbeidast ein samarbeidsavtale som regulerer organisering, drift og økonomiske rammer mellom kommunar som deltar i samarbeid om frisklivs-, lærings- og meistringstilbodet i Nordhordland.

Ressursbehov, økonomiske rammer og fordeling av kostnader:

Kostnadselement	Ressurs	Årlege kostnader	Årlege inntekter
Leiar og koordinator/kursleiar for frisklivs- og meistringkurs:	30% **	250 000	
Kursleiarar	Frikjøp av kommunale ressursar 20% *	150 000	
Kjøp av kommunal og spes. kompetanse	Frikjøp av psykolog, lege, klinisk ernæringsfysiolog m.v.	25 000	
Brukarrepresentant/erfaringskonsulent (honorar)	16 x kr 1500,- pr. gang	25 000	

Leige av kurslokale	Bruke kommunale bygg**	20 000	
Informasjons- og kursmateriell/publisering		10 000	
Innkjøp av kursmat		10 000	
Reiseutgifter kursleiarar		10 000	
Totale kostnader:		500 000	
Kommunane i NH (etter fordelingsnøkkel 1/3 fast og 2/3 etter innbyggjartal)			488 000
Kursavgift pr. deltakar kr. 500,- x 12	Snitt 12 deltakara pr. kurs		12 000
Balanse		500 000	500 000

* Inneber også kompetanseheving/kursing + deltaking i LM-nettverk/arbeidsgruppe. (ref. [Særavtale til Tenesteavtale 2,6 og 10. Samarbeid om opplæring av pasientar, brukarar og pårørande i eit lærings- og meistringsnettverk](#))

** Bruk av kommunalt bygg - ingen kostnader til no

Fordeling av kostnadene:

Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg har tilrådd at kostnader bli fordelt etter vedtatt fordelingsnøkkel med 1/3 fast og 2/3 etter folketal fram til anna modell er utgreidd og vedtatt.

Kommune	Folketal 01.01.2018	1/3 fast	2/3 folketal	Totalt
1252 Modalen	380	18 074	2 745	20 819
1253 Osterøy	8 125	18 074	58 689	76 763
1256 Meland	8 079	18 074	58 356	76 430
1260 Radøy	5 129	18 074	37 048	55 122
1263 Lindås	15 789	18 074	114 047	132 121
1264 Austrheim	2 902	18 074	20 962	39 036
1265 Fedje	561	18 074	4 052	22 126
1266 Masfjorden	1 730	18 074	12 496	30 570
1411 Gulen	2 345	18 074	16 938	35 012
Totalsum	45 040	162 667	325 333	488 000

Vurdering

Det er vesentleg å førebyggje å utvikle sjukdom for innbyggjarane generelt, men òg å førebyggje vidare helseplagar i tilfella kor pasienten allereie er i eit sjukdomsforløp. Alle kommunar er etter lova pålagt å ha slik teneste til innbyggjarane sine. I eit økonomisk og verdibasert perspektiv er det meiningsfylt å førebyggje framfor å reparere. Det gjev auka livskvalitet og effektiv bruk av offentlege ressursar.

Rådmannen finn at Modalen kommune er tent med å samarbeide om slikt tenestetilbod med øvrige nordhordlandskommunar.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune tek del i samarbeidet om etablering og drift av felles frisklivs-, lærings- og meistringstilbod i Region Nordhordland slik framlegget syner.

Vedlegg:

Rapport FLM-tilbod i Region Nordhordland - oktober 2018

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE - 151	18/255

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/2018	Kommunestyret	PS	08.11.2018

Regulering av feste- og fornyingsavgiftene for grav

Forslag til vedtak:

Fellesrådet i Mo sokn sitt vedtak om regulering av feste- og gravferdsavgiftene for grav vert godkjent slik det ligg føre

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samsvar med lov om gravferd, § 21, 2. ledd skal kommunestyret godkjenne endringar og reguleringar av feste- og fornyingsavgiftene for grav. Etter lova skal avgifter for bruk av gravkapell, kremasjon og feste fastsetjast av kommunen etter forslag frå fellesrådet i soknet. Avgiftene skal årleg justerast.

Vurdering

I framlegget frå fellesrådet er det lagt opp til ein avgiftsauke frå 160 kr i 2018 til 165 kr i 2019, noko som gjev 3% auke i avgiftene. Dette er om lag i tråd med vanleg løns- og prisvekst. Etter kyrkjeverge si vurdering er kyrkja sine utgifter på området høgare enn det dei får inn i avgifter.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner Mo sokn sitt framlegg om justering av feste- og gravferdsavgiftene slik det ligg føre

Vedlegg:

Vedtak regulering av feste- og fornyingsavgift for grav 2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø		18/267

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
047/2018	Kommunestyret	PS	08.11.2018

Søknad om tilskot frå næringsfondet - prosjekt næringsutvikling 2028 - 2038, fase 1.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune set i gang prosjekt «næringsutvikling 2028 – 2038». Dette inneber følgende:

1. Vedta fase 1 av prosjektmandat slik det ligg føre.
2. Vedta finansiering av fase 1 med inntil kr. 90 000,- i tilskot frå næringsfondet.
3. Vedta at det skal utarbeidast projektskisse for fase 2 etter at fase 1 er avslutta.
4. Finansiering og gjennomføring av fase 2 skal handsamast i næringsfondstyret etter at projektskisse, jfr.pkt. 3, er lagt fram som sak. Denne vil få sitt eige prosjektmandat.

Saksopplysningar:

Føremål

Modalen kommune vil gjennomføre eit utviklingsarbeid med føremål å etablere fleire nye arbeidsplassar i Modalen. Desse kan komme gjennom nyetablering og/eller flytting av verksemd.

Prosjekt mål

Utarbeide og gjennomføre ein plan i 2 fasar som inkluderer eit forprosjekt (fase 1) og deretter konsept/tiltak/kampanje (fase 2) for å skape fleire arbeidsplassar i kommunen. Arbeidsplassane kan komme innanfor privat/regional/statleg sektor – det vil bli synleggjort i fase 2. Det vil t.d. vere aktuelt å vurdere miljø-/næringsklynge e.l.

Me legg til grunn eit perspektiv som går 10 -20 år fram i tid: 2028 - 2038.

Moglege problemstillingar/refleksjonar i arbeidet:

- Korleis arbeide systematisk med verdiskaping i Modalen kommune i eit langtidsperspektiv?
- Kva mål kan me setje oss for ei styrt næringsutvikling? Korleis unngå ei tilfeldig/negativ utvikling? Me må kunne grunngjevne val og prioriteringar.
- Kva må me vurdere m.o.t. omdømearbeid? Kva omfattar dette? Korleis kan ein sikre ei heilskapleg tilnærming?
- Kva tiltak må me gjere m.o.t. lokal/areal/infrastruktur, arbeidsmetodikk m.m.?
- Kva plass må denne satsinga få i den heilskaplege kommunale satsinga i åra framover?

- Korleis kan me trekke med oss eksisterande næringsliv – byggje vidare på dette?
- Kva næringar/bransjar/verksemdar skal me rette oss mot?
 - Kvifor skal me rette oss mot desse?
 - Korleis skal me rette oss mot desse?
- Kva konsept/kampanjar/omdømetiltak er naudsynte for å oppnå resultat?
- Korleis sikre oppfølging (plan, økonomi, ansvarlege)?

Bakgrunn

Modalen kommune treng å sikre vekst og utvikling i åra framover. Dette skjer m.a. gjennom at folk kan arbeide og bu i Modalen. Det er i dag relativt få jobbar – og eit sterk avgrensa mangfald. Største arbeidsgjevar er kommunen sjølv. Difor er det meiningsfylt å rette merksemda mot næringsutvikling – i form av spissa tilnærming; prosjekt. Det er naudsynt å sikre verdiskapinga.

Kommunen utarbeidde i 2017 ein strategisk næringsplan (SNP), i tillegg til revisjon av næringsfondsvedtektene. I SNP var eit av tiltaka å utarbeide ein *omdømeplan*. Dette for å rette seg mot det som skjer utanfor kommunegrensene. Me opplever nedgang i kraftrelaterte inntekter, kommunen vert utsatt for endrings-/utviklingskrav som krev evne til kontinuerlig omstilling. Kommunen er liten og har få bein å stå på. Utvikling av næringsliv er ein veg å retta merksemda når m.a. kommuneøkonomi skal styrkjast.

Mykje ligg til rette for at innbyggjarane skal kunne etablere/utvikle eiga verksemd i Modalen, t.d. gjennom tilskot/lån frå Næringsfondet. Det har vore gjort viktig arbeid fram til i dag – og det vil vere godt arbeid som skal gjerast framover. I tillegg vil det vere bruk for ytterlegare tankekraft, kapital og idèar som kan bidra med meir inn i kommuneutviklinga.

Vurdering

Gjennom å nytte tid, krefter og pengar, samt å etablere eit samarbeid mellom kommunen og profesjonell rådgjevingsverksemd/reklamebyrå, vurderer rådmannen at det er naudsynt å gjennomføre eit målretta utviklingsarbeid.

SNP viser til at det i særlege tilfelle kan tildelast stønad *utover* kategori 3 (inntil 50 % av kostnadane). Rådmannen si vurdering er at dette prosjektet vil vere eit av dei viktigaste tiltaka som kan gjennomførast framover m.o.t. busetnads- og sysselsetjingseffekt. Det kvalifiserer for fullfinansiering frå næringsfondet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert igangsatt prosjekt-/utviklingsarbeid som skal bidra til å sikre framtidig næringsaktivitet i Modalen.

Vedlegg:

Prosjektmandat - fase 1